



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
71/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	22.08.2023
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Knut Trefall	FA-N02, FA-Q37, HistSak-18/1258	21/346

DETALJREGULERING FOR DALE KOLLEKTIVHALDEPLASS, PLANID 4628-2021002 2. gongs handsaming

Vedlegg:

Plankart_4628_2021002, 24.03.2023
Føresegner, 08.08.2023
Planomtale, 08.08.2023
Merknader til planforslaget etter høyring, 08.08.2023
Høyringsfråsegn samla
Saksutgreiing 1. gongs handsaming, 25.04.2023
Merknader til varsel om oppstart, 24.03.23
ROS-analyse
Vurdering av parkeringsløyising

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, PlanID 4628-2021002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegn datert 08.08.2023
- Plankart datert 24.03.2023
- Planomtale datert 08.08.2023

Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-20218002, Dale kollektivterminal, oppheva.

Tilleggsforslag frå Arbeidarpartiet:

I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det trong for haldeplass ved heradshuset
Formannskapet ber om Haldeplass ved heradshuset må greiast ut i samråd med Skyss/Vestland

fylkeskommune.

Tilleggsforslag frå Arbeidarpartiet:

I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det trong for haldeplass ved heradshuset
Kommunestyret ber om Haldeplass ved heradshuset må greiast ut i samråd med Skyss/Vestland fylkeskommune.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 71/2023

FPØ - Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking svarte på spørsmål frå formannskapet.
Thor Andersen (AP) trakk fyrste tilleggsforslag frå Arbeiderpartiet grunna innstilling frå feil politisk utval. Formannskapet vart erstatta med Kommunestyret i eit nytt tilleggsforslag.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.
Arbeiderpartiet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, PlanID 4628-2021002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegn datert 08.08.2023
- Plankart datert 24.03.2023
- Planomtale datert 08.08.2023

Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-20218002, Dale kollektivterminal, oppheva.

I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det trong for haldeplass ved heradshuset
Kommunestyret ber om Haldeplass ved heradshuset må greiast ut i samråd med Skyss/Vestland fylkeskommune.

Saksopplysningar:

Saka gjeldt slutthandsaming av planforslag for Dale Kollektivhaldeplass, utarbeidd av Rambøll AS for Vaksdal kommune.

Planforslaget for Dale kollektivhaldeplass har vore på høyring. Etter at merknadane er gjennomgått og oppsummert er planforslaget bearbeidd. Innhaldet i planforslaget er i all hovudsak som tidlegare, for utan ein mindre endring i føresegn § 4.2.2.

Plandokumenta som vert fremja for vedtak gjeldt Dale kollektivterminal, PlanID 4628- 2021002;

- Føresegn datert 08.08.2023
- Plankart datert 24.03.2023
- Planomtale datert 08.08.2023

Endeleg vedteke plankart og reguleringsføresegn vil vere planen sine juridiske dokument jf. Pbl. § 12-4. Planomtalen inneheldt ein beskriving av planforslaget og verknadane av det.

Bakgrunn for saka

Det ligg føre ein reguleringsplan for kollektivløysing i Dalseidvegen som har vore for kostbar å realisere. Med bakgrunn i utfordringa vedtok formannskap, plan og økonomiutvalet i sak 20/2021, 09. mars 2021, oppstart av regulering av ei ny kollektivløysing som enklare lar seg gjennomført økonomisk.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for eit samla kollektivpunkt for skuletransport, regionale og kommunale bussruter, samt parkeringsplassar som kan nyttast til hente- og bringefunksjonar og besøkjande til skulen/symjehallen. Hensikten er å auke trafikktryggleiken ved å samle busshaldeplassane til eitt område med ei sentral plassering. Dette vil avlaste dei tronge gatene i sentrum av Dale, og gjere det meir attraktivt å nytte busstilbodet.

Kort om planforslaget:

Planområdet er Dalseidvegen mellom Dale skule og jernbanen/E16 i vest, og Lauvgardsvegen fram til inngangen til skuleplassen i aust. Området er på om lag 3,9 daa, sjå figur under.

Kollektivhaldeplassen, markert som o_KH i plankartet, er plassert nord i Lauvgardsvegen mot Dale skule. Haldeplassen vert opparbeidd i form av ein kantstopp, som er ein haldeplass der bussen stoppar i vegbana. Det vert opna for leskur innanfor haldeplassføremålet.

Det skal bli etablert fortau langs austleg del av Dalseidvegen og nordleg del av Lauvgardsvegen (o_FO), opphøgd fotgjengarfelt i Lauvgardsvegen ved krysset mot Dalseidvegen, og langsgåande parkeringsplassar mellom Dalseidvegen og Dale skule, sjå figuren under.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframlegg til 1. gongs handsaming, som ligg vedlagt saka.



Figur: Planområdet T.v. og planforslaget T.h.

Prosess

Formannskap/plan- og økonomiutvalet vedtok i sak 20/2021, 09. mars 2021, oppstart av regulering av ei ny kollektivløysing. Rørte naboar, grunneigarar og aktuelle høyringsinstansar vart varsla og det var mogleg å kome med innspel i perioden 08. april 2021 - 29. april 2021.

Planforslaget vart fyrstegongshandsama av Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) som sak 40/2023 den 25. april 2023 og vidare sendt på høyring og offentleg ettersyn i perioden 04. mai 2023 – 18. juni 2023. Innan høyringsfristen har det kome inn 9 fråsegn til planframlegget – 5 frå offentlege høyringsinstansar og 4 frå lokale partar:

- Morten Svarstad, 04.05.2023
- Bane NOR, 01.06.2023
- NVE, 02.06.2023
- Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 13.06.2023
- Arve Rødland, på vegne av eigarane i Lauvgardsvegen 2A/2B, 13.06.2023
- Statsforvaltaren i Vestland, 14.06.2023
- Vestland fylkeskommune, 16.06.2023
- Jan Cleveland, på vegne av bebuarane i Lauvgardsvegen 6, 18.06.2023
- Statens vegvesen, 23.06.2023

Merknadane er oppsummert og kommentert av forslagsstillar i merknadsskjema *merknadar til planforslaget etter høyring*, datert 08.08.2023.

Eit sentralt tema i fleire av høyringsuttalane er trafikktrygging - fysiske og haldningsskapande tiltak

langs Dalseid- og Lauvgardsvegen. Det er også fleire merknadar knytt til konfliktreduserande tiltak for bebuarar. Fleire av merknadane kan ikkje løysast i reguleringsplanssamanheng, og er anten knytt til detaljprosjekteringa og/eller må løysast i andre planar og samanhengar.

I samband med avskriving av merknadar er det utarbeidd ei vurdering av parallelle og skråstilte parkeringsplassar langs Dale/skule, sjå vedlegg *Vurdering av skråstilt parkering*. Parallell/langsgåande parkeringsplassar er vurdert som alternativet som gjev den beste løysinga, med hovudvekt på trafikktryggleiken ved skulen.

Trafikktryggleik er særskild viktig i nærleiken av ein skule. Vidare detaljprosjektering av haldeplass, veg og p-plassar må følgje opp med vidare avbøtande tiltak for å betre tryggleiken. Detaljprosjekteringa må også ta omsyn til rørte bebuarar så langt det er mogleg.

Endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn og høyring

Det er gjort ein mindre endring i føresegna med bakgrunn i merknadane frå høyringsinstansane. Følgjande er lagt til i føresegna § 4.2.2, om kollektivhaldeplass- føremålet: *Haldeplassen skal bli synleggjort anten med skilt eller vegoppmerking.*

Formelt grunnlag

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, med planID 4628- 2021002 lagd fram til vedtak for kommunestyret.

FPØ 20/2021

FPØ 40/2023

Vurdering og konsekvensar

Innkome høyringsuttaler er gjennomgått og vurdert, og det er gjort ein mindre endring i føresegna. Endringa sikrar at kollektivhaldeplassen vert synleggjort og vil bidra til å hindre konfliktsituasjonar med andre køyretøy.

Saksvurdering av planforslaget framgår av saksframlegg frå 1. gongs handsaming, datert 25.04.2023.

Det er ikkje varsla motsegn til planen, og kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår kommunestyret å vedta reguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, planID 4628-2021002 datert 24.03.2023, med tilhøyrande føresegn datert 24.03.2023, revidert 08.08.2023 etter Plan- og bygningslova §12-12. Ved vedtak av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass vert plan 1251-20218002, Dale kollektivterminal, oppheva.